

## Fint og fælt på Børnes

27.05.2009



Fint rundt kloakkreinseanlegget på Børnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Når formannskapet kjem på synfaring på Børnes industriområde med kai 4, juni vil politikarane få sjå både noko fint og noko fælt. Mykje er gjort for å rydda, men det står også att ein god del.**



Fint rundt kloakkreinseanlegget på Korsnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kvinnherad Byggutvikling har tidlegare fått fortent ros for ikkje berre å ha pynta opp rundt bygning og hall, men også for å ha sådd til. Og nå tar det til å bli riktig grønt og fint der. Også transportfirmaet Vevik har fått godord for god opprydding.





Framleis fælt på Børnes-kaien. (Foto: Ola Matti Mathisen).

No fortener kommunen og entreprenør Byggservice ros for innsatsen med opprydding og pynting rundt kloakkreinseanlegga både på Børnes og Korsnes. Sigmund Myklebust har hatt ansvaret for underentreprisen og Tor Ove Haugland har gjort ein fin jobb med gravemaskinen sin.



Framleis fælt på Børnes-kaien. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det som framfor alt står att er er opppynting på kaien, som ser fæl ut. Framleis ligg det ein kvelva sandsilo der. Og ingenting er gjort for å fjerna trehun i buntar, tauverk og boss-sekkar som det flyt avfall rundt, for berre å

nemna noko.

Kanskje nokon kan gjera noko før formannskapet kjem?

Av Ola Matti Mathisen